



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Sekretær:	Doknr.:
Meldar: 12 JUN 2014	
Sekretær:	MKL:
Kontor:	Averk:

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyring - ny forskrift planlegging og godkjenning av landbruksveier, samt endring i forskrift for tilskudd nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi viser til brev frå Landbruks- og matdepartementet, datert 11.04.2014, der fylkesmannen blir bedt om å komme med merknader og innspill til ny «*Forskrift planlegging og godkjenning landbruksveier*», samt endring i «Forskrift for tilskudd nærings- og miljøtiltak i skogbruket».

### Generelt

#### Presisjonsnivå

Det er ei stor utfordring å lage ei forskrift på dette området som høver for alle delar av landet, og som verken er for omfattande eller for generell. Vi meiner forslaget er for lite presist og går i feil retning på ein del område ved at skjønnsrommet blir gjort større.

Ved utforming av forskrifta må det takast høgde for at kompetansen på landbruk i kommunane er låg. Behovet for eit mindre skjønnsrom blir og forsterka ved at trenden for kompetanse på fagområdet går i feil retning. Dette gjeld også kompetanse på planlegging og bygging av landbruksvegar. For å få mest mogleg lik praktisering av regelverket, bør difor skjønnsrommet vera minst mogleg.

Økonomiske vurderingar knytt til dei ulike interessene, handtering av såkalla «gravedrifter»/søknadspliktige tiltak og eit klarare skilje mellom vegar etter landbruksvegforskrifta og vegar etter plan- og bygningsloven, er eksempel på område med klart behov for større presisjon.

## Kap.1 Innledende bestemmelser

### §1-2 Definisjoner

#### Veistandard og kopling mot veinormalene

Hovudtyngda av all landbruksvegbygging er i dag kopla mot ein bestemt vegklasse i tråd med ”Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse”. Men i det bratte og vanskelege terrenget er det i forslaget til ny vegforskrift framleis fritt fram å bygge enkle permanente veiar (her også såkalla gravedrifter) utan krav til ein standard i vegenormalane, slik som grøfter, stigning, stikkrenner, kurvatur mv.

Det er kommunen som skal godkjenne desse enkle vegane, men uten retningslinjer med klare krav til standard og utforming, blir dette vanskeleg. Dette blir heller ikkje betre av at kompetanse om vegbygging i kommunane er kraftig redusert dei siste 10 -15 åra. Liten vegbyggingskompetanse blir ytterlegere forsterka av sporadisk og liten byggeaktivitet i mange kommunar.

Vi ser også at grensa mellom det som tidligare var taubaneterreng og det som kan drivast med lassberar/hogstmaskin strekkjast stadig lengre ved graving av terrassevegar – les gravedrifter for hogstmaskin og lassberar.

Meir ekstremvær set enda større krav til vegbygging i det bratte terrenget for å unngå erosjon (ras og avrenning).

Godkjenning av enkle permanente vegar går også på akkord med tryggleiken, fordi dette er vegar som er bygd for å komme fram med hogstmaskin og lassberar. Det kan oppstå stygge ulykker i ettertid ved bruk av transportutstyr som ikkje er tilpassa desse enkle vegane. Kan kommunen stillast til ansvar for å ha godkjent slike permanente og enkle vegar utan krav til standard? Vi har i fylket her eksempel på at skogansvarleg har nekta å godkjenne ein enkel veg med over 40 % stigning. Politikarane i kommunen godkjende likevel det same veganlegget.

Vi ser også at det blir bygd ein del enkle ”tilsynsvegar” i høgfjellet, såkalla ATV-vegar, der formålet med vegen er tilsyn med sau. Desto enklare desse vegane blir bygd og utan standardkrav, desto enklare kan dei forsvarast ut frå økonomiske vurderingar etter vegforskrifta, spesielt når det i tillegg ikkje kan dokumenterast konkrete miljøhensyn.

Ut frå dette bør hovudregelen i vegforskrifta vere:

- Alle permanente vegar må koplast mot ein vegklasse i vegenormalane.
- Enkle vegar i samband med hogst i bratt terreng/vanskeleg terrengr – «gravedrifter», behandlast som midlertidige vegar som skal deaktivert etter avslutta drift. Det må setjast krav til opprydding gjennom sikring av vatn, frie bekkeløp, stabile skjeringar og fyllingar, mv., og at vegarealet blir tilplanta og inngår i det framtidige produksjonsarealet.
- Alle enkle og permanente vegar behandlast som unntak etter vegforskrifta (i det ligg det at terskelen for å få ja er større – større krav til å dokumentere behov/transportnytte, og at ein vil med dette unngå desse ATV- og tilsynsvegane på høgfjellet ).

I tillegg må lagast enkle retningslinjer for bygging av midlertidige enkle vregar. Det må i tillegg også definerast kva det inneber å deaktivere ein midlertidig og enkel veg.

#### Utvida definisjon av landbruksvirksomhet/formål

I prinsippet er det fornuftig at annan næringsverksemد med grunnlag i landbruksressursane skal inngå i vurderingsgrunnlaget. Samtidig blir behovet for å kunne skilje mellom veganlegg som er motivert av landbruk og andre interesser som skal behandlast etter PBL enda tydelegare.

Vår erfaring er at søker kan oppgi fritt kor stor andel av vegprosjektet som er begrunna med landbruk i forhold til andre interesser. Det eine kan vere like riktig som det andre, fordi det manglar retningsliner for korleis dette skal vurderast, jf. dom i Lagmannsretten – Tjelmensaka fra Sauda. Dette blir ikkje betre av å utvide definisjonen av kva som er landbruksformål i tråd med Landbruk pluss-rettleiarene. Det einaste vi i dag har å støtte oss på er for skoginteressene, der det ligg gamle gevinstutrekningar og tal frå 1994.

#### **Manglende retningslinjer gjer det krevande å vurdere om vegen skal behandlast etter vegforskrifta eller plan- og bygningsloven.**

Utvida definisjon av landbruksomgrep kan bidra til at det blir bygd fleire enkle og marginale vregar i område med marginale landbruksinteresser. Landbruket er ikkje alltid tent med å stå bak vegbygging inn i slike område.

#### *§1-3 Virkeområde*

Her bør det gå fram at «gravedrifter» er omfatta av søknadsplikt. Tidlegare presisering på skjæring og fylling på plus/minus 1 meter bør stå. Alternativt er at dette går fram av praktiseringsrundskrivet.

### **Kap. 2 Søknad om nybygging og ombygging av landbruksveier**

#### *§2-1 Søknadsplikt*

Alle gravedrifter bør vere søknadspliktige tiltak etter ”vegforskrifta” slik vi har praktisert dette fram nå. Vi meiner det er uheldig at det nå blir lagt opp til å så tvil om desse «gravedriftene» i bratt terreng faktisk er søknadspliktige. Dette står i motstrid til forslaget i ny forskrift som skjerpar inn vurderingar med tanke på fare for erosjon og masseskred og ei tid med stadig meir ekstremvær.

I ei tid med meir ekstremvær bør forskrifta innrettast slik at dei veganlegga som er mest utsett for erosjon og masseskred alltid vil omfattast av søknadsplikt. Viser til det som står under § 1-2 Definisjoner

### **Kap. 3 Saksbehandling, vedtak og vilkår m.m.**

#### *§3-2 Vedtakets innhold*

Det bør stå noko om heilskapleg vurdering og krav til hovudplan, og at dette skal gi føringar i enkeltsaker. Viss hovudplan manglar må det gjerast ei tilsvarande vurdering for området, jf. formålsparagrafen.

### **§3-3 Vilkår**

Det er krav om godkjent byggeplan før anleggsstart for alle tilskotsvegar - jf. «Forskrift om nærings- og miljøtiltak». Prinsipielt kan vi ikke sjå at det skal vere nokon forskjell med og utan tilskot. Dessutan kan skogsvegar utan tilskot bruke skogfond med skattefordel som kan gi ein tilskotseffekt på pluss-minus 50 %, avhengig marginalskattesats. For å sikre landbruksfaglege heilskapsløysingar bør krav om byggeplan vere uavhengig av tilskot.

### **§3-4 Melding om avsluttet arbeid og sluttgodkjenning**

Det bør harmoniserast med det opplegget som nå kjem i ØKS der alle landbruksvegar skal registrerast og følgjast opp til ferdiggodkjenning.

## **Kap. 4 Avsluttende bestemmelser**

### **§4-3 Dispensasjon**

Her bør det flettast inn noko om enkle og permanente vegar.

Utover dette har vi ikke fleire merknader og innspel til ny vegforskrift

Med helsing

Lars Slåttå  
fylkesskogsjef

Stein Bomo  
fylkesskogmester

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift

Saksbehandlar: Stein Bomo  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72  
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Kopi: Klima- og miljødepartementet, Postboks 8013 Dep. 0030 OSLO